

Saksframlegg

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Plan- og samfunnsavdelinga
 Sak nr.: 15/8177-3

Flora kommune - Kommuneplan Arealdel - Motsegn

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot FB 32 hyttefelt på Kvalvikneset i Årebrot og ber om at arealføremålet vert teke ut. Gravrøysa (ID55535) som er eit automatisk freda kulturminne blir direkte råka av planforslaget. Gravrøysa er ein del av eit samanhengande gravrøyssystem av nasjonal verdi.
2. Fylkesutvalet går til motsegn mot C2 campingplass og ber om at arealføremålet vert teke ut. Etablering av campingplassen er med på å bryte opp eit samanhengande gravrøyssystem på Årebrot av nasjonal verdi.
3. Fylkesutvalet går til motsegn mot C1 campingplass i Sandvika på grunn av at nærleiken til det automatisk freda steinbrotet på Stakalleneset. Det er stor fare for at auka aktivitet i området vil råke eit svært sårbart kulturminne frå steinalder av nasjonal verdi.
4. Fylkesutvalet går til motsegn dersom ikkje føresegnene til kommuneplanen knytt til mellomalderkyrkjestadane vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Brev frå Riksantikvaren, datert 08.09.2015

Brev frå Bergen sjøfartsmuseum, datert 08.09.2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Arealdelen til kommuneplanen, Flora kommune. Ligg på heimesida til Flora kommune.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunen har fått tilsendt utkast til arealdelen i kommuneplanen for Flora kommune på høyring.

Fråsegna frå fylkeskommunen er delt opp i to, der motsegnene er sendt til politisk handsaming i fylkesutvalet medan resten av fråsegna kjem i eige administrativ høyringsfråsegn til kommunen.

Framlegg til motsegn gjeld tre areal som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Areal dette gjeld er campingplassane C1 og C2 og hyttefeltet FB32.

Fylkeskommunen si administrative høyringsfråsegn vert lagt fram før politisk handsaming.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Fylkeskommunen har fått arealdelen til kommuneplanen i Flora kommune til uttale. I tråd med delegeringsreglementet gir fylkeskommunen ein administrativ uttale. Til deler av planen meiner fylkesrådmannen det er rett å gå til motsegn og denne delen av uttalen vert då lagt fram for fylkesutvalet til vedtak, i tråd med delegeringsreglementet.

Fylkeskommunen sitt mynde

Fylkeskommunen har delegert mynde til å sjå til at automatisk freda kulturminne vert forvalta på ein god måte gjennom arealplanlegging. Lov om kulturminne er ei særlov og går føre plan- og bygningslova dersom det er konflikt. Dersom fylkeskommunen vel å ikkje ville fremje motsegnene som ligg føre, kan fagansvarleg for kulturminne vurdere å sende saka uavkorta til Riksantikvaren. Riksantikvaren tar då over heile saka, òg det planfaglege.

Kort om planframlegget

Flora kommune har i samband med Kommuneplanens arealdel 2015-2020 lagt ut forslag til tre areal som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Areala dette gjeld er campingplassane C1 og C2 og hyttefeltet FB32.

Fylkeskommunen hadde 3.09.2015 møte med Flora kommune der vi gjekk gjennom merknadane til kommuneplanen. Det var særskilt fokus på områda som gjeld areala FB32, C1 og C2.

Med bakgrunn i varsel om motsegn vart det gjeve utsett høyringsfrist til 30.09.15.

Anna

I tillegg til at fylkeskommunen vurderer planen i høve egne ansvarsområde, er planen og sendt vidare til Riksantikvaren som har ansvaret for mellomalderkyrkjer og mellomalder kyrkjegrund, og til Bergen sjøfartsmuseum som har ansvaret for kulturminne i sjø/vatn, jf. vedlegg. Riksantikvaren har særleg merknad til mellomalderkyrkjestadane på Kinn og Svanøy.

3. Faglege vurderingar

Gravrøysar langs den indre kystleia

Langs den indre kystleia i Noreg ligg det gravrøysar frå bronsealder og jernalder. Gravrøysene har nasjonal verdi. Kvar enkelt gravrøys er eitt unikt kulturminne, samstundes som heile rekka med gravrøysar kan sjåast på som eit samanhengande kulturminne – eit gravfelt.

Gravrøysene representerer ein viktig del av kulturhistoria vår. Frå denne delen av historia har vi ikkje skriftleg kjeldemateriale som kan fortelje korleis folk før oss levde.

Gravrøysene vart lagt langs leia fordi dei skulle vere synlege for folk som kom farande forbi og fordi den døde som låg i grava skulle sjå dei reisande. Slike gravrøysar finn vi òg langs kysten og inn over i fjordane i fylket vårt, til dømes i Flora og Askvoll kommunar og inn i Sognefjorden. Gravrøysene ligg gjerne ute på nes, eller på område med god utsikt.

Vi har berre nokre få gravrøysar att, fordi utbygging fleire stader har ført til at røysene har måtta vike. Derfor har kyst- og fjordkommunane eit ekstra ansvar med å ta vare på og forvalte dei gravrøysene som er att.

I Flora kommune er det særskilt konsentrasjonar med slike kyststrøysar på Årebrot. I tillegg ligg det fleire gravrøysar samla på Hovden (Store Kroksøya), på Nordre Nærøya, på den austre delen av Reksta og Askrova, ved Steinaneset i Stavang og ved Svortevikja.

Vegetasjonen langs ytterkysten i Florø er open, med mykje berre berg og knausar. Utbygging i slike terreng blir derfor veldig synleg i landskapet. Det er derfor viktig at kommunen sikrar at gravrøysene blir bevart, og syter for at landskapet mellom sjø og røys vert halde ope.

Gravrøysene er kulturminne som er lett å formidle fordi dei ligg så synlege i terrenget. Såleis har gravrøysene ein særmerkt opplevings- og kunnskapsverdi som ein lokalt kan nytte seg av.

Fylkeskommunen vil i si administrative fråsegn rå til at gravrøysfelta i Flora kommune vert sikra særskilt med ein eigne omsynssoner for kulturminne H730_#, og undernummer som skildrar kva for kulturminne dette er. I føresegnene til planen bør det stå at dette er eit samanhengande gravrøysanlegg som er automatisk freda.

Gravrøysmiljøet på Årebrot

I arealdelen er det to område på Årebrot der forslag til arealføremål råkar den samanhengande rekka med gravrøysar: FB32 hytter og C2 campingplass.

FB 32 ligg på Kvalvikneset i Årebrot. Gravrøysa (ID55535) blir direkte råka av planframlegget. Gravrøysa er ein del av eit samanhengande gravrøysystem som går vidare nord- og sørover langs kysten.

C2 campingplass har fylkeskommunen nyleg rådd i frå i samband med dispensasjonshandsamling. Fylkeskommunen fekk medhald i klagen frå Fylkesmannen, jf. brev frå Fylkesmannen datert 09.04.2014.

Å legge hyttefelt og campingplass i Årebrot området slik som kommunen legg opp til i høringsforslaget vil øydelegge opplevinga av gravrøysene i området, samstundes som det vil auke presset på å få bygge i nærleiken av andre gravrøysar i kommunen. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at samfunnsnyttan av desse tiltaka har større verdi enn bevaring av eit gravrøysmiljø av nasjonal verdi.

Fylkesrådmannen rår til at det vert reist motsegn mot at FB32 og C2 ligg i planen, og ber om at desse vert tekne ut.

Steinbrotet på Stakalleneset

Eit anna særmerkt freda kulturminne av nasjonal verdi er steinbrotet på Stakalleneset frå eldre og yngre steinalder. I Noreg kjenner vi berre til to slike steinbrot med så stort omfang; Hespriholmen i Bømlo og Stakalleneset i Flora. Det unike med Stakalleneset er at avfallsmassen etter brotet ligg att. Kulturminnet har derfor eit heilt unikt forskingspotensiale. Men steinbrotet på Stakalleneset er av same årsak eit svært sårbart kulturminne. Fylkesrådmannen er derfor meir oppteken av å skjerme det førhistoriske steinbrotet enn å formidle det på staden.

I nærleiken til Stakalleneset er det lagt inn forslag om ein campingplass i Sandvika: C1. Med ein campingplass i dette området blir det auka aktivitet i området noko som igjen vil auke presset på eit svært sårbart kulturminne. I fylgje Lov om kulturminne § 3 første ledd, må ingen «... sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.»

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at samfunnsnyttan av campingplassen er høgare enn vern av steinalderbrotet som er av nasjonal verdi. Vi rår til at det vert lagt ei omsynssone H-730 på heile Stakalleneset som sikrar kulturminnet og landskapet det er ein del av.

Fylkesrådmannen rår til at det vert reist motsegn mot etablering av campingplass C1 i dette området, og at dette føremålet vert tatt ut av planen.

Mellomalderkyrkjestadene

Det er henta inn eiga uttale frå Riksantikvaren, sjå vedlegg. Her er kort attgjeve dei viktigaste merknadane deira:

Svanøy og Kinn mellomalderkyrkjestader er automatisk freda kulturminne, og skal visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet jf. pbl. § 11 - 8, SOSI - kode H - 730.

Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjestadane ligg i Askeladden som skildra over.

Til mellomalderkyrkjestadene høyrer avgrensing av ei sikringssone på 5 meter, jf. kml. § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvaltning av mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i kommuneplanen. I føresegnene for Svanøy og Kinn mellomalderkyrkjestad skal det stå:

"Mellomalderkyrkjegardene er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep."

"Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyvet til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnad er knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar."

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstiller vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T - 3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke - , utdannings - og forsknings - departementet.

For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kml. § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebære inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Kinn kyrkje er automatisk freda og bør i tillegg ha følgjande føresegner til omsynssone d):

"Kinn kyrkje er automatisk freda kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Kinn kyrkje skal handsamast av Riksantikvarens omfattar vedtak etter kulturminnelova."

Dersom kommunen gir melding om at føresegnene til kommuneplanen ikkje vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader, og Sogn og fjordane fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnestyresmakt og fremje motsegn til planen.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer arealføremåla FB32, C1 og C2 til ikkje å vere i samsvar med vern av automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi, og rår fylkesutvalet om å gå til motsegn mot at desse områda ligg inne i planen.

Riksantikvaren har avgjerande merknader til føresegnene knytt til mellomalderkyrkjestadane.

Fylkesrådmannen meiner at gravrøysfelta i Flora kommune (på Årebrot/Botnane, på Hovden (Store Kroksøya), på Nordre Nærøya, på den austre delen av Reksta og Askrova, ved Steinaneset i Stavang og ved Svortevikja) må sikrast med eigen omsynssone H-730.

Fylkesrådmannen rår og til at omsynssone H-730 på Stakalleneset må utvidast til også å omfatte landskapet steinalderbrotet er ein del av.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)